



# Kvinnherad kommune

Rådmannen  
Samfunnsutvikling



Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 Bergen  
Attn: Guro Klyve

Saksbehandlar  
Torill Slåke

Tlf. direkte innval  
53483264

Vår ref.  
2013/1985-5

Dato  
03.01.2014

## Delingsløyve og dispensasjon - Delegert vedtak

<b>Eigar / søker:</b>	<b>Hordaland Fylkeskommune</b>
<b>Deling/arealoverføring frå gnr/bnr:</b>	<b>185/2</b>
<b>Frådelt parsell skal nyttast til:</b>	Tilleggsareal til 185/32
<b>Kjøpar av parsellen:</b>	Rune Thorkildsen, Vågen 3, 5451 Valen
<b>Delegert saksnr:</b>	2014/7

### Vedtak:

#### Dispensasjon:

Det vert med heimel i Pbl § 19-2 gitt dispensasjon frå bygge- og delingsforbodet i strandsona (Pbl §1-8), då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremålet til lova ikkje vert sett vesentleg tilside. Tiltaket vil ikkje få endra bruk - arealet skal framleis nyttast til beite, og strandsoneverdiane vil ikkje bli vesentleg råka. (Tiltaket er del av eit makebyte). Offentlege og regionale interesser vert ikkje råka, saka er ikkje sendt på høyring, **men vil bli sendt på klagevurdering.**

#### Deling:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1. m vert søknad journalført 05.07.2013 og tilhøyrande situasjonsplan og avtalar, godkjent med delegert saksnr.: 2014/7

#### Vilkår:

1. Kartforretning kan haldast når klagefristen er gått ut, og det ikkje er kome merknader.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve, og endringa må vera godkjent før det kan haldast delingsforretning.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova og pbl §1-9. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om dette vedtaket.

### Grunnlag for løyvet

**Arealstatus:** Den omsøkte arealbruken er i samsvar med kommunedelplan. Det er gitt løyve til deling etter jordlova § 12 i Forvaltningskomiteen 06.11.2013 saksnr. 2013/ 154

**Nabovarsel:** Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre protestar.

**Tilkømt:** jmf. Pbl § 27-4 – som før

**Avløp:** jmf. Pbl §27-2

Vassforsyning: jmf. Pbl §27-1

**Merknader:**

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar innan ein – 1- månad.
- Alle lovtilvisingar i denne godkjenninga kan finnast under internettportalen: [www.dibk.no](http://www.dibk.no)

For rådmannen i Kvinnherad



Torill Slåke  
Sakshandsamar

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen

Rune Thorkildsen, Vågen 3, 5451 Valen

Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen

---